

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021

Tor André Ljosland (KRF) sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V og KRF fram slikt forslag:

«Tillegg - til delmål 2, punkt 5 under «kompetanseutvikling i arbeidslivet:

Tillegg: "menneske med nedsett funksjonsevne" slik at punktet blir:

Utvikle nye samarbeidsmodellar mellom NAV, utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og karrieretenestene med særleg fokus på innvandrarakar, flyktningar, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommar som har falle ut av vidaregåande opplæring og arbeidslivet. Arbeidet skal bygge på erfaringar frå forsøk og modellar i fylket»

Avrøysting

Innstillinga med Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteken

Vedtak

1. Fylkestinget i Vestland vedtek Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling med følgjande endringar i punkt 2, Grøn næringsutvikling:

- Delmål 1, strategi 1: Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nytta til elektrifisering og dei store omstillingsprosjekta i regionen.
- Delmål 1, strategi 7: Utvikle hubar for grøn omstilling sentrert rundt eksisterande industri og trafikkknutepunkt.
- Delmål 2, strategi 4: Auke konkurransekrafta i reiselivet gjennom berekraftig attraktivitet
- Delmål 1, dette skal vi gjere: Dekarbonisering av industri og oppskalering av nye grønne verdikjeder vil krevje stor overføringskapasitet på kraftnettet. For å lukkast må vi bygge ut naudsynt nettkapasitet så raskt som mogleg. Konkrete løysingsforslag og plan for nettutbygging må utarbeidast. Meir effektiv utnytting av kraftressursane må også bli vurdert. I det ligg mellom anna å kartlegge ressursgrunnlaget i nye område og vurdere fordelar og ulemper med å bygge ut ny vasskraft der det leggast høg vekt i vurderingane på naturmangfald, miljøvern og dei samla miljøkonsekvensane

2. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å gjere tekstlege endringar i handlingsprogrammet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar.

3. Fylkestinget ber hovudutval for næring ta ansvar for å følgje opp handlingsprogrammet, mellom anna gjennom vedtak av årsplanar

4. Fylkestinget legg til grunn at partnerskapen innan innovasjon og næringsutvikling innrettar ressursbruken sin for å nå vedtekne mål i handlingsprogrammet. Samla ressursbruk bør bli synleggjort og konkretisert gjennom årsplanane.

5. Konsekvensar for økonomi og ressursdisponering i fylkeskommunen vert å ta stilling til i samband med årsplanar, årleg budsjett og økonomiplan

6. Tillegg - til delmål 2, punkt 5 under «kompetanseutvikling i arbeidslivet:

Tillegg: "menneske med nedsett funksjonsevne" slik at punktet blir:

Utvikle nye samarbeidsmodellar mellom NAV, utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og karrieretenestene med særleg fokus på innvandrarakar, flyktningar, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommar som har falle ut av vidaregåande opplæring og arbeidslivet. Arbeidet skal bygge på erfaringar frå forsøk og modellar i fylket.